



# Øving Lyneld 28. juni 2018

## **Scenario: Brann i chartra hurtigbåt på fjordcruise**

- Omfang: 250 passasjerar av ulike nasjonalitetar er om bord, fleire av passasjerane er eldre
- Fredag ettermiddag kl.13 kjem meldinga om stor brann om bord i båten med kraftig røykutvikling
- Båten ligg midtfjords i din kommune / ditt herad

(Alle kommuner/herad i Hordaland grenser mot sjø og har interesser knytt til turisme)

## **FMHO ber kommunen/heradet om:**

- Umiddelbart å kvittere for mottak av dette varselet.
- Kalle inn KKL og diskutere vedlagte oppgåve ( neste lysark).
- Fortløpende dokumentere arbeidet gjennom loggføring i CIM.
- Rapportere til FMHO via CIM innan **kl 12:00 torsdag 5. juli 2018** – gjerne som «delt rapport»



# Oppgåve til diskusjon og rapport

Vi ber kommunen/heradet diskutere i fellesskap og gjere greie for korleis dei vil handtere problemstillinga:

**Brann i chartra hurtigbåt på fjordcruise: 250 passasjerar av ulike nasjonalitetar er i fare, fleire av desse er eldre.**

Diskusjonen skal oppsummerast (sjå rapportmal som ligg med øvingsmeldinga) og sendast inn til Fylkesmannen i Hordaland via CIM innan klokka **12:00, torsdag 5. juli 2018**.

1. Gjer greie for ansvar, fullmakter, roller og oppgåver knytt til kommunens/heradets heilskaplege arbeid med beredskap og krisehandtering.
2. Kven og korleis varslar og mobiliserer kommunen/heradet?
3. Korleis er kommunens/heradets folk sett i stand til å handtere kriseleiing?
4. Korleis fungerer kommunen/heradet under ferieavvikling og drift i fleire døger?
5. Kor mange personar treng kommunen/heradet for å handtere dei kommunale oppgåvene knytt til denne hendinga på forsvarleg vis?
6. Er vara førebudd?
7. Kva aktørar BØR kommunen/heradet samarbeide med?
8. Kva KAN kommunen/heradet bidra med?
9. Kva SKAL kommunen/heradet bidra med?
10. Kva oppgåver har kommunen/heradet ikkje eit ansvar for?
11. Kva læringspunkt sit kommunen/heradet att med, og korleis vil dei jobbe vidare med desse læringspunktta?